



TILSTANDSRAPPORT

GRUNNSKULEN I MELAND

2015-2016

INNHALD

1 Samandrag	4
1.1 Kapittel 3: Fakta om opplæringa	4
1.2 Kapittel 4: Læringsmiljø	4
1.3 Kapittel 5: Læringsresultat	4
1.4 Kapittel 6: Ressursar	4
1.5 Kapittel 7: Fråfall og Gjennomføring	4
1.6 Kapittel 8: Kommunen sin internkontroll – og tilsyn	4
1.7 Kapittel 9: Innsatsområde	5
1.8 Kapittel 10: System for oppfølging	5
2 Innleiing	6
2.1 Lovforankring	6
2.2 Formål	7
2.3 Medverknad	7
2.4 Innhald	7
3 Fakta om opplæringa	8
4 Læringsmiljø	9
4.1 Oppdrag og mål for elevane sitt læringsmiljø	9
4.2 Resultat frå elevundersøkinga	10
4.2.1 Mobbing	12
4.3 Foreldreundersøking	13
4.4 Vurdering	17
5 Læringsresultat	19
5.1 Oppdrag og mål for elevane sitt læringsresultat	19
5.2 Standpunkt 10. trinn	19
5.3 Eksamen 10. trinn	21
5.4 Grunnskulepoeng	21
5.5 Nasjonale prøvar 5. trinn	22
5.5.1 Lesing - mestringsnivå	24
5.5.2 Rekning - mestringsnivå	24

5.6	Nasjonale prøvar ungdomstrinnet	25
5.6.1	Lesing - mestringsnivå	26
5.6.2	Rekning - mestringsnivå	27
5.7	Foreldreundersøking	29
5.8	Vurdering	31
6	Ressursar.....	32
6.1	Økonomi og ressurstal.....	32
6.2	Undervisningspersonell.....	33
6.3	Spesialundervisning	34
6.4	Vurdering	35
7	Fråfall og gjennomføring	36
8	Kommunen sin internkontroll – og tilsyn	36
9	Innsatsområde - korrigerande tiltak.....	37
9.1.1	Elevane sitt psykososiale miljø	38
9.1.2	Satsing på realfag	38
9.1.3	Satsing på lesing	38
9.1.4	Satsing på tidleg innsats og tilpassa opplæring	39
10	System for oppfølging	39
11	Konklusjon	40
11.1	Positive utviklingstrekk.....	40
11.2	Risikområde	41

1 SAMANDRAG

Den årlege tilstandsrapporten er omfattande og inneheld fakta, vurderingar og tankar om vegen vidare innan sentrale område for grunnskulen i Meland kommune. Rapporten er inndelt i kapittel og innhaldet i kapitla er kort omtalt under.

1.1 KAPITTEL 3: FAKTA OM OPPLÆRINGA

Meland kommune som skuleeigar og alle skulane rapporterer årleg, i oktober, inn skulefakta til grunnskulane sitt informasjonssystem (GSI). Rapporteringa frå kommunane dannar grunnlaget for offentleg statistikk, SSB (Statistisk sentralbyrå) og Skuleporten (Udir). Datagrunnlaget gir oss viktige opplysningar om status og utvikling for skulane seg i mellom samt samanlikning med landet elles. I dette kapitlet er det tatt med nøkkeltal frå dette datagrunnlaget.

1.2 KAPITTEL 4: LÆRINGSMILJØ

Kapitlet inneheld oppdrag, resultat og vurdering frå obligatorisk del av elevundersøkinga. Resultata er fordelt på tema: trivsel, støtte frå lærarane, støtte heimafrå, fagleg utfordring, vurdering for læring, læringskultur, mestring, motivasjon, elevdemokrati og medverknad, felles reglar og mobbing på skulen.

1.3 KAPITTEL 5: LÆRINGSRESULTAT

Kapitlet inneheldt oppdrag, resultat og vurdering frå utvalde standpunkt- og eksamenskarakterar, og resultat frå grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet. Til slutt resultat og vurdering av obligatoriske nasjonale prøvar for 5. trinnet og ungdomstrinnet.

1.4 KAPITTEL 6: RESSURSAR

Kapitlet omhandlar oversikt over ressursinnsatsen som vert nytta til kommunen sin tenesteproduksjon. Å samanlikne ressursituasjonen mellom kommunar bør gjerast med varsemd, fordi ressursituasjonen vert påverka av bakanforliggjande forhold som skulestruktur og kommunestorleik. Hovudtema vert gruppe-/klassestorleik og driftsutgifter per elev. I tillegg legg ein inn tal som gjeld del av elevar som får spesialundervisning.

1.5 KAPITTEL 7: FRÅFALL OG GJENNOMFØRING

Kapitlet omhandlar indikatorar for overgang til vidaregåande opplæring. Data gir informasjon om direkte overgang mellom grunnskulen til vidaregåande opplæring. Informasjon om overgangar i vidaregåande opplæring kan ikkje seie noko direkte om kor stor den delen blir som kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

1.6 KAPITTEL 8: KOMMUNEN SIN INTERNKONTROLL – OG TILSYN

Kapittelet omhandlar ein kort gjennomgang av område for internkontroll og resultat av dette, og eksterne tilsyn knytt til opplæringslova.

1.7 KAPITTEL 9: INNSATSOMRÅDE


Dette kapittelet gir ei framstilling av korleis kommuneadministrasjonen ser for seg vidare oppfølging av resultata. Det vert arbeidd på fleire område, og dei mest sentrale områda som er tatt med i rapporten er: Felles handlingsplan for skulane, skulane sine Zero-planar, rådmannen si resultatoppfølging, strategi for realfag (Realfagskommune), Felles leseplan, Prosjekt «Tidleg innsats», Ungdomstrinn i utvikling (UIU), Plan for kompetanseutvikling, System for internkontroll og Ressursfordelingsmodell.

1.8 KAPITTEL 10: SYSTEM FOR OPPFØLGING

I dette kapittelet vil ein skissere korleis kommuneadministrasjonen vil ha oppfølging, støtte og kontroll med skulane sitt arbeid, jf skuleeigar sitt systemkrav etter § 13-10 i opplæringslova.

2 INNLEIING

Den årlege tilstandsrapporten er ein del av Meland kommune sitt kvalitetssikringssystem for grunnskulen.



Figur 1 Modell kvalitetsplan

Tilstandsrapporten er gjort på grunnlag av statistiske fakta om skulane sine ressursar og resultat frå prøvar, kartleggingar og undersøkingar. Tilstandsrapporten inneheld vurdering av desse og forslag til tiltak for forbetring.

2.1 LOVFORANKRING

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Ansvar: «Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg

system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane». (jf. opplæringslova § 13-10).

Skulebasert vurdering: «Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadene.» (Forskrift til opplæringslova § 2-1)

Rapportering frå kommunen og fylkeskommune: «Skuleeigaren skal medverke til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa». (Forskrift til opplæringslova § 2-2)

2.2 FORMÅL

I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er naudsynt for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

2.3 MEDVERKNAD

Medverknad i utarbeiding av rapporten	Ja	Nei
Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte)		X
Organisasjonane		X
Skular (rektorane i rektormøte)	X	
Administrasjonen i kommunen	X	
Politikarane i kommunen (ULK og Kommunestyret får rapporten til drøfting)		X

2.4 INNHALD

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale *læringsresultat, fråfall og læringsmiljø*, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skuleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av

tilstanden, men det følger av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skulen* ble det fastsatt mål for kvaliteten i opplæringa:

1. Alle elever som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggende ferdigheter som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv
2. Alle elever og lærlinger som er i stand til det, skal gjennomføre videregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller i arbeidslivet
3. Alle elever og lærlinger skal inkluderes og oppleve mestring

Kunnskapsministeren, Thorbjørn Røe Isaksen, er oppteken av at alle elevar skal lære meir. Han har sagt at det viktigaste skulane kan gjere er å gjere elevane *trygge* og sikre godt *kompetente lærarar*.

3 FAKTA OM OPPLÆRINGA

Meland kommune rapporterer årleg, i oktober, inn skulefakta til grunnskulane sitt informasjonssystem (GSI). Rapporteringa dannar grunnlaget for offentleg statistikk, SSB (Statistisk sentralbyrå) og Skoleporten (Udir). Datagrunnlaget gir oss viktige opplysningar om status og utvikling for skulane seg i mellom samt samanlikning med landet elles. I dette kapitlet er det tatt med nøkkeltal frå dette datagrunnlaget.


Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Talet på elevar	1 035	1 034	1 013	1 047	1 071
Talet på skolar	5	5	5	5	5
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	64	67	64	65	67
Talet på lærarar	131	119	112	118	125

Meland kommune, Grunnskole, Elevar, lærarar, skolar, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Tabell 1 Elevar, lærarar og skular

Tabell 1 viser talet på elevar, skular og lærarar. Her er ikkje den private skulen tatt med. Talet på elevar har stege jamnt over tid, med ein nedgang i 2013-2014.

Talet på elevar



Tabell 2 Tal på elevar

Tabell 2 opplyser om talet på elevar som er registrert i grunnskulen i Meland per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring. I år er den private skulen i Meland tatt med i oversikta.

Sagstad, Grasdal og Vestbygd skule har hatt ein auke i elevtalet, mens Rosslund skule og Meland ungdomsskule har hatt ein nedgang. Den private skulen har no like mange elevar som Meland ungdomsskule.

Rosslund skule er ein 1 til 10-skule, der ungdomstrinnet får elevar frå både Rosslund og Vestbygd skule. Skulen har nedgang i elevtalet, og har plass til fleire elevar på alle klassetrinna. Forklaringa på synkende elevtal er at det vert bygd få nye bustader i krinsen, og grunnjevinga for dette er kapasiteten på vegen ut til Vikebø.

4 LÆRINGSMILJØ

Kapittelet inneheld resultat og vurdering frå obligatorisk del av elevundersøkinga og årets resultat frå foreldreundersøkinga. Resultata er fordelt på følgjande tema: trivsel, støtte frå lærarane, støtte heimafrå, fagleg utfordring, vurdering for læring, læringskultur, mestring, motivasjon, elevdemokrati og medverknad, felles reglar og mobbing på skulen.

4.1 OPPDRAG OG MÅL FOR ELEVANE SITT LÆRINGSMILJØ.

«Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.» (Opplæringslova § 9a-1.)

«Prinsipp for opplæringa skal vere ein del av grunnlaget for å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa vidare og for systematisk vurdering av skole og lærebedrift. Lærarar skal saman med skoleleiinga fremme eit godt læringsmiljø for alle» ([Prinsipp for opplæring](#) s. 1)

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skulen* er det fastsatt mål for kvaliteten i opplæringa: «*Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring*».

I Meland kommune sin kommuneplan, samfunnsdel, for periodeen 2013-2025 les ein at «*Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle*». Vidare er det fastsett følgjande mål for grunnskulane i Meland i rådmann sitt strategidokument:

- ✓ «Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen»
- ✓ «Vidareføre sosiale målsetjingar frå prosjekt «Betre Læringsmiljø»

4.2 RESULTAT FRÅ ELEVUNDERSØKINGA

Skuleeigarar og skuleleiarar er pålagt å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. trinn kvar haust. Tabellane under viser resultatata frå Elevundersøkinga fordelt på ulike tema. Elevundersøkinga vart revidert før gjennomføringa hausten 2013. Resultata frå 2007-2012 kan difor ikkje samanliknast med resultatata frå skuleåret 2013-2016 og seinare.

I tabellen er det både indikatorar og indeksar. Ein indikator består av eitt spørsmål, medan indeksar er sett saman av to eller fleire av dei obligatoriske spørsmåla i Elevundersøkinga. Skala 1-5. Høg verdi betyr positivt resultat. Unntaket er «mobbing på skulen» då låg verdi er positivt og «andel elevar som opplever mobbing» viser andelen elevar (prosent). Tal er henta frå [Skoleporten](#) på Udir. Skulane gjennomfører elevundersøkinga på fleire trinn enn dei obligatoriske. I denne oversikten gjeld berre tal frå 7. og 10. trinn, då vi samanliknar med resultat frå fylket og landet. Det vert eit eige punkt for resultat på mobbing.

Elevundersøkinga 2013-2016, 7.trinn	2013-2014	2014-2015	2015-2016	Gj.snitt
Meland - Læringskultur	3,6	3,8	4,1	3,8
Hordaland - Læringskultur	3,6	4,0	4,1	3,9
Nasjonalt - Læringskultur	3,8	4,1	4,1	4,0
Meland - Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,5	3,6	3,4
Hordaland - Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,7	3,8	3,7
Nasjonalt - Elevdemokrati og medverknad	3,7	3,8	3,8	3,8
Meland - Faglig utfordring	3,8	3,8	3,9	3,8
Hordaland - Faglig utfordring	3,8	4,0	4,0	3,9
Nasjonalt - Faglig utfordring	3,9	4,0	4,1	4,0
Meland - Felles reglar	4,1	4,2	4,4	4,2
Hordaland - Felles reglar	4,2	4,3	4,3	4,3
Nasjonalt - Felles reglar	4,3	4,3	4,3	4,3
Meland - Trivsel	4,2	4,3	4,5	4,3
Hordaland - Trivsel	4,3	4,3	4,4	4,3
Nasjonalt - Trivsel	4,4	4,4	4,4	4,4

Meland - Mestring	3,9	4,0	4,1	4,0
Hordaland - Mestring	4,0	4,1	4,1	4,1
Nasjonalt - Mestring	4,0	4,1	4,1	4,1
Meland - Støtte frå lærarane	4,3	4,3	4,5	4,4
Hordaland - Støtte frå lærarane	4,3	4,4	4,4	4,4
Nasjonalt - Støtte fr lærarane	4,3	4,4	4,4	4,4
Meland - Motivasjon	3,8	3,8	4,0	3,9
Hordaland - Motivasjon	3,8	3,9	4,0	3,9
Nasjonalt - Motivasjon	3,9	4,0	4,0	4,0
Meland - Vurdering for læring	3,6	3,7	4,0	3,8
Hordaland - Vurdering for læring	3,7	3,9	3,9	3,8
Nasjonalt - Vurdering for læring	3,8	4,0	3,9	3,9
Meland - Støtte heimafrå	4,3	4,4	4,5	4,4
Hordaland - Støtte heimafrå	4,2	4,4	4,4	4,3
Nasjonalt - Støtte heimafrå	4,3	4,4	4,4	4,4
Meland - Mobbing på skolen	1,4	1,2	1,2	1,3
Hordaland - Mobbing på skolen	1,3	1,3	1,2	1,3
Nasjonalt - Mobbing på skolen	1,3	1,2	1,2	1,2

Tabell 3 Elevundersøkinga 7. trinn

Tabell 3 viser resultat frå 7. trinn skuleåret 2013-2014 til 2015-2016. Samanlikna med tidlegare år har utviklinga vore positiv på alle delskårane for Meland kommune. Kommunen ligg på eller over snitt for landet hausten 2015 på alle delskårar utanom «fagleg utfordring» og «elevdemokrati».

Elevundersøkinga, Trinn 10	2013-2014	2014-2015	2015-2016	Gj. snitt.
Meland kommune - Læringskultur	3,1	3,2	3,4	3,2
Hordaland fylke - Læringskultur	3,3	3,7	3,7	3,6
Nasjonalt - Læringskultur	3,4	3,7	3,8	3,6
Meland kommune - Elevdemokrati og medverknad	3,0	2,9	2,9	2,9
Hordaland fylke - Elevdemokrati og medverknad	3,1	3,1	3,2	3,1
Nasjonalt - Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,2	3,2	3,2
Meland kommune - Faglig utfordring	3,9	4,3	4,1	4,1
Hordaland fylke - Faglig utfordring	4,0	4,2	4,2	4,1
Nasjonalt - Faglig utfordring	4,1	4,2	4,2	4,2
Meland kommune - Felles reglar	3,7	3,6	3,6	3,6
Hordaland fylke - Felles reglar	3,8	3,8	3,9	3,8
Nasjonalt - Felles reglar	3,8	3,8	3,9	3,8
Meland kommune - Trivsel	4,2	4,1	4,0	4,1
Hordaland fylke - Trivsel	4,2	4,1	4,2	4,2
Nasjonalt - Trivsel	4,2	4,2	4,2	4,2
Meland kommune - Mestring	3,9	3,9	3,8	3,9
Hordaland fylke - Mestring	3,9	3,9	4,0	3,9
Nasjonalt - Mestring	3,9	4,0	4,0	4,0
Meland kommune - Utdanning og yrkesretteleing	3,6	3,4	3,5	3,5
Hordaland fylke - Utdanning og yrkesretteleing	3,6	3,6	3,6	3,6

Nasjonalt - Utdanning og yrkesrettleiing	3,7	3,8	3,8	3,8
Meland kommune - Støtte fra lærarane	3,8	3,9	3,7	3,8
Hordaland fylke - Støtte fra lærarane	3,8	3,9	3,9	3,9
Nasjonalt - Støtte frå lærarane	3,9	4,0	4,0	4,0
Meland kommune - Motivasjon	3,5	3,3	3,2	3,3
Hordaland fylke - Motivasjon	3,5	3,4	3,5	3,5
Nasjonalt - Motivasjon	3,5	3,5	3,5	3,5
Meland kommune - Vurdering for læring	2,9	3,2	3,1	3,1
Hordaland fylke - Vurdering for læring	3,2	3,1	3,2	3,2
Nasjonalt - Vurdering for læring	3,2	3,2	3,3	3,2
Meland kommune - Støtte heimafrå	3,8	3,8	3,7	3,8
Hordaland fylke - Støtte heimafrå	3,8	3,9	3,9	3,9
Nasjonalt - Støtte heimafrå	3,9	3,9	4,0	3,9
Meland kommune - Mobbing på skolen	1,3	1,4	1,3	1,3
Hordaland fylke - Mobbing på skolen	1,3	1,2	1,2	1,2
Nasjonalt - Mobbing på skolen	1,3	1,2	1,2	1,2

Tabell 4 Elevundersøkinga 10. trinn

Tabell 4 viser resultat frå 10. trinn skuleåret 2013-2014 til 2015-2016. Samanlikna med tidlegare år har utviklinga vore negativ på fleire delskårar for Meland kommune. Resultata viser ei positiv utvikling når det gjeld «Læringskultur» og reduksjon i talet på elevar som opplever mobbing.

4.2.1 MOBBING

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16
Meland kommune - Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	5,8	4,4	4,3
Hordaland fylke - Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	5,4	4,9	4,7
Nasjonalt - Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	5,3	4,7	4,5

Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen 2013-2016, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn

Tabell 5 Mobbing 7. trinn

Elevar på 7. trinn som rapporterer om dei har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare, har gått gradvis ned dei siste tre åra, og resultatet ligg under nivå for fylket og landet.

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16
Meland kommune - Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)	5,8	8,0	6,3
Hordaland fylke - Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)	5,2	4,7	3,7
Nasjonalt - Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)	5,0	4,7	4,2


Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen 2013-2016, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Tabell 6 Mobbing 10. trinn

Elevar på 10. trinn som rapporterer om dei har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare har gått ned frå skuleåret 2014-2015, men ligg likevel høgt samanlikna med nivå for fylket og landet.


4.3 FORELDREUNDERSØKING

I NOU 2015:2 «Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø» foreslår utvalet at skulane kvart år gjennomfører foreldreundersøkinga. Rådmannen har avgjort at skulane gjennomfører foreldreundersøkinga fast annakvart år. Første gong skulane gjennomfører foreldreundersøkinga samstundes er vår 2016. Svarprosent for Meland kommune var 21,1 % (inviterte 1111 og 234 svar) og for landet 38,6 %, så resultat må tolkast varsamt. Utdrag frå foreldreundersøkinga vert presentert under.



Tabell 7 Foreldreundersøking - Trivsel

Foreldre opplever at borna trivst på skulen i Meland, samla sett for heile kommunen, og dei har medelevar dei kan vere saman med i friminutta.




Tabell 8 Foreldreundersøking - Motivasjon

Foreldre opplever at borna er interessert i å lære på skulen, og dei gler seg til å gå på skulen.




Tabell 9 Foreldreundersøking - Støtte fra lærar

Foreldre opplever at barnet får god oppfølging og støtte frå lærarane.




Tabell 10 Foreldreundersøking - Arbeidsforhold og læring

På temaene arbeidsforhold og læring gir føresette god skår, samanlikna med nasjonalt nivå. Elevane får nok faglege utfordringar, det er høg toleranse for å gjere feil og lærarane forklarar stoffet slik at elevane forstår.




Tabell 11 Foreldreundersøking - Medvirkning

Foreldre opplever at borna i mindre grad får være med på å foreslå korleis ho/han skal arbeide med faga, og at skulen ikkje alltid høyrer på elevane sine forslag.



Tabell 12 Foreldreundersøking - Regler på skolen

Foreldre opplever at reglar på skulen er tydelege og dei vert følgde opp av dei vaksne på skulen.



Tabell 13 Foreldreundersøking - Trygt miljø

Foreldre opplever at borna har eit trygt skulemiljø. Dei vaksne har tydelege forventningar til korleis elevane skal oppføre seg, og dei vaksne reagerer når nokon gjer noko ubehageleg.

4.4 VURDERING

Kommunen har mål om «nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing». Systematisk arbeid for å førebyggje mobbing er strategien for å nå dette målet. Nedgang i tal på elevar både frå 7. trinn og 10. trinn som opplever mobbing er nettopp eit resultat av skulane sitt systematiske arbeid. Skulane reviderer handlingsplanane sine, og arbeider med å betra handlingskompetansen til tilsette når det gjeld å avdekke mobbing. Evaluering av skulen sitt samla arbeid, inkludert medverknad, informasjon og forvaltning, retta mot det psykososiale miljøet kan gjerast enno meir systematisk. I evalueringsarbeidet må skulane inkludere elevar og føresette (FAU og SU).

Samanlikna med tidlegare år har utviklinga vore positiv på alle delskårane for Meland kommune på elevundersøkinga 7. trinn, utanom fagleg utfordring og elevdemokrati. Resultat frå elevundersøkinga 10. trinn viser ei negativ utvikling frå førre skuleår på fleire delskårar, utanom «Læringskultur» og «Mobbing».

Resultat frå foreldreundersøkinga totalt samanlikna med nasjonalt nivå er gode. Foreldre opplever at barna trivst på skulen og er inkludert i det sosiale fellesskapet. Borna er motiverte for å lære og gler seg til å gå på skulen. Foreldre opplever at borna får god oppfølging og støtte frå lærarane. Foreldre opplever at reglar på skulen er tydelege og at desse vert følgde opp av dei vaksne på skulen. Dei opplever at borna har eit trygt skulemiljø, at dei vaksne har tydelege forventningar til korleis elevane skal oppføre seg og dei vaksne reagerer når nokon gjer noko ubehageleg. Foreldre opplever at borna i

mindre grad får vere med å foreslå korleis ho/han skal arbeide med faga, og at skulen ikkje alltid høyrer på elevane sine forslag.

Skulefagleg rådgjevar gjennomfører årleg ei resultatoppfølging og ein internkontroll med kvar skule som gjeld elevane sitt læringsmiljø. Resultat frå elevundersøkinga og eigenvurdering ([RefLex](#)) vert gjennomgått. Formålet er å sjekke om praksis er i samsvar med § 9a i opplæringslova, og sjå på korrigerande tiltak som er aktuelle å setje inn for den einskilde skule. Døme på korrigerande tiltak er:

- Bruke «Lesson study» som metode for å endre eigen praksis og observere elevane si læring.
- Plan for opplæring av tillitsvalde og ha fast tid på timeplan for klassens time/møte i elevråd
- Gjennomføre prosjekt knytt til korleis lærarane kan gi betre tilbakemelding til elevane for at dei skal bli betre i faga
- Vurdere korleis gi elevane meir fagleg utfordring, og vurdere korleis tiltak her kan bli ein del av satsinga innan realfag

Tiltak som den einskilde skule set inn vil bli vurdert våren 2017 saman med skulefagleg rådgjevar.

5 LÆRINGSRESULTAT

Kapittelet inneheld resultat og vurdering frå utvalde standpunkt- og eksamenskarakterar og resultat frå grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert før på vitnemålet. Til slutt resultat og vurdering av obligatorisk nasjonale prøvar for 5. trinnet og ungdomstrinnet.

5.1 OPPDRAG OG MÅL FOR ELEVANE SITT LÆRINGSRESULTAT

Under gir vi ei kort oversikt over oppdrag skulane og skuleeigar har når det gjeld elevane sitt læringsresultat.

«Prinsipp for opplæringa» skal vere ein del av grunnlaget for å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa vidare og for systematisk vurdering av skole og lærebedrift. Fellesskolen skal byggje på og sikre det mangfaldet i bakgrunn og føresetnader som elevane har. Opplæringa skal fremme allsidig utvikling hos elevane og utvikle kunnskapane og ferdigheitene deira. Fellesskolen skal ha ambisjonar på vegner av elevane, gi dei utfordringar og mål å strekke seg mot. Samtidig skal skulen og lærebedrifta ta omsyn til at elevane har ulike føresetnader og ulik progresjon, slik at alle kan oppleve gleda ved å meistre og å nå måla sine. ([Prinsipp for opplæring](#) s. 1)

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skulen* er det fastsatt mål for kvaliteten i opplæringa: «*Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal mestre grunnleggende ferdigheter som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv*».

Meland kommune sin kommuneplan, samfunnsdel, for periodeen 2013-2025: «*Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle*»

Mål- og strategidokument for skulane byggjer på kommuneplan, og mål vedtatt i kommunestyret 09.09.2015. Resultatmål for skulane i Meland:

- ✓ «*Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015*»
- ✓ «*Løfte fleire elevar over meistrinsnivå 1 i lesing*»
- ✓ «*Løfte fleire elevar over meistrinsnivå 1 i rekning*»

5.2 STANDPUNKT 10. TRINN

Standpunktcharakterar og karakterar frå eksamen i grunnskulen utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Gradering seier at karakteren:

- 1 uttrykker at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykker at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykker at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykker at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykker at eleven har meget god kompetanse i faget
- 6 uttrykker at eleven har svært god kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane vert vist som gjennomsnitt.

Standpunktkarakterer	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	Snitt 4 år
Meland kommune - Engelsk skriftlig	4,1	4,4	3,8	3,9	4,1
Hordaland fylke - Engelsk skriftlig	3,9	4,0	4,0	4,0	4,0
Nasjonalt - Engelsk skriftlig	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
Meland kommune - Engelsk muntlig	4,4	4,6	4,1	4,3	4,4
Hordaland fylke - Engelsk muntlig	4,2	4,2	4,3	4,2	4,2
Nasjonalt - Engelsk muntlig	4,1	4,2	4,2	4,2	4,2
Meland kommune - Matematikk	4,0	3,9	3,6	3,7	3,8
Hordaland fylke - Matematikk	3,5	3,6	3,5	3,6	3,6
Nasjonalt - Matematikk	3,5	3,5	3,5	3,5	3,5
Meland kommune - Naturfag	4,4	4,2	4,0	4,3	4,2
Hordaland fylke - Naturfag	4,0	4,1	4,2	4,2	4,1
Nasjonalt - Naturfag	4,0	4,1	4,1	4,1	4,1
Meland kommune - Norsk hovedmål	4,2	4,0	3,7	4,0	4,0
Hordaland fylke - Norsk hovedmål	3,8	3,8	3,9	3,8	3,8
Nasjonalt - Norsk hovedmål	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Meland kommune - Norsk sidemål	4,2	3,9	3,8	4,1	4,0
Hordaland fylke - Norsk sidemål	3,7	3,7	3,7	3,7	3,7
Nasjonalt - Norsk sidemål	3,7	3,7	3,6	3,6	3,7
Meland kommune - Norsk muntlig	4,4	4,5	4,2	4,4	4,4
Hordaland fylke - Norsk muntlig	4,2	4,2	4,3	4,2	4,2
Nasjonalt - Norsk muntlig	4,1	4,2	4,2	4,2	4,2

Tabell 14 Standpunkt

I tabell 14 har ein tatt eit utdrag av resultat på standpunktkarakterar. Ein skal vere varsam med å samanlikna kull for kull. Det er utviklinga over tid som kan seie noko om tendensar. Ser vi på snittet dei siste fire åra, ligg Meland kommune over i snitt for fylket og landet i fag skissert i tabell 14.

5.3 EKSAMEN 10. TRINN

Tabell 15 viser gjennomsnittskarakterar for skriftleg eksamen i norsk hovudmål og sidemål, engelsk og matematikk. Karaktarskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane vert vist som gjennomsnitt med éin desimal.

Eksamenskarakterer	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	Snitt 4 år
Meland kommune - Engelsk skriftlig eksamen	3,7	4,0	3,5	3,5	3,7
Hordaland fylke - Engelsk skriftlig eksamen	3,9	3,8	3,8	3,7	3,8
Nasjonalt - Engelsk skriftlig eksamen	3,8	3,7	3,7	3,6	3,7
Meland kommune - Matematikk skriftlig eksamen	3,2	2,9	2,4	2,6	2,8
Hordaland fylke - Matematikk skriftlig eksamen	3,0	3,0	2,9	3,3	3,1
Nasjonalt - Matematikk skriftlig eksamen	3,1	3,0	2,9	3,3	3,1
Meland kommune - Norsk hovedmål skriftlig eksamen	3,1	3,3	3,0	2,9	3,1
Hordaland fylke - Norsk hovedmål skriftlig eksamen	3,3	3,3	3,4	3,5	3,4
Nasjonalt - Norsk hovedmål skriftlig eksamen	3,4	3,4	3,4	3,5	3,4
Meland kommune - Norsk sidemål skriftlig eksamen	3,5	3,1	3,0	2,4	3,0
Hordaland fylke - Norsk sidemål skriftlig eksamen	3,3	3,0	3,2	3,3	3,2
Nasjonalt - Norsk sidemål skriftlig eksamen	3,2	3,1	3,1	3,2	3,2

Tabell 15 Eksamen

Utviklinga over tid, snitt siste fire år, viser at Meland ligg på nasjonalt nivå for landet i engelsk, og under det nasjonale snittet i faga matematikk og norsk hovudmål/sidemål skriftleg. Resultat i matematikk har utvikla seg positivt frå 2014-2015 til 2015-2016.

5.4 GRUNNSKULEPOENG

Grunnskulepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet. Frå og med skuleåret 2014-2015 inngår standpunktkarakteren i valfag i berekninga av grunnskulepoeng. Det vert difor brot i tidsrekka og tala er ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Grunnskulepoeng. Offentlig. Trinn 10.	2011-2012	2012-2013	2013-2014	Snitt	2014-2015	2015-2016	Snitt
Meland kommune	41,3	42,8	43,4	42,5	40,9	43,0	42,0
Meland ungdomsskule	41,7	44,3	44,5	43,5	40,9	43,4	43,4
Rossland skule	40,8	41,2	42,2	41,4	41,0	42	42,0
Hordaland fylke	40,5	40,2	40,7	40,5	41,3	41,5	41,4
Nasjonalt	39,9	40,0	40,3	40,1	40,7	41,1	40,9

Tabell 16 Grunnskulepoeng

Meland har jamt over dei siste åra lagt over nivå for fylket og nasjonalt nivå. Begge ungdomsskulane hadde resultat over snittet for Hordaland og nasjonalt nivå skuleåret 2015-16. Meland ungdomsskule med 43,4 og Rossland skule med 42.

5.5 NASJONALE PRØVAR 5. TRINN

Nasjonale prøvar i lesing og i rekning skal kartlegge i kva for ein grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen, Kunnskapsløftet (LK06).

Frå og med 2014 vart nasjonale prøvar publisert på ein ny skala, noko som vil gjere det mogleg å samanlikne resultat mellomb år frå og med hausten 2015. To prøvar vil aldri være nøyaktig like vanskelige og ha det same faglege innhald. Elevane sine resultat vert rekna om til den nye skalaen slik at same ferdigheit i til dømes rekning vert gitt same verdi, uavhengig av kva for ein versjon av prøven eleven tok. I 2014 vil det nasjonale snittet på den nye skalaen ligge på 50, med ei spreing (standardavvik) på 10 poeng. Snittet kan justere seg over tid, dersom elevane sine prestasjonar endrar seg. Det vert ikkje operert med medianverdi.¹

Nasjonale prøver 5. trinn	2014-2015	2015-2016	Gj. snitt
Meland kommune - Engelsk	↑ 49	↓ 46	⇒ 48
Hordaland fylke - Engelsk	49	49	49
Nasjonalt - Engelsk	50	50	50
Meland kommune - Lesing	↑ 48	↓ 47	⇒ 48
Hordaland fylke - Lesing	50	49	50
Nasjonalt - Lesing	50	50	50
Meland kommune - Regning	↑ 49	↓ 46	⇒ 48
Hordaland fylke - Regning	50	50	50
Nasjonalt - Regning	50	50	50

Tabell 17 Nasjonale prøver 5. trinn

Tabell 17 viser resultat frå nasjonal prøve 5. trinn. Meland kommune har ein nedgang i alle fag på 5. trinn. Størst er nedgangen i engelsk og rekning. Nedgangen ser me på alle skulane, nokre av skulane har større nedgang enn andre.

¹ Median eit sentralitetsmål som vert definert som verdien til talet som deler eit utval i to deler slik at kvar del har like mange element.


Nasjonale prøver 5. trinn 2009-2013, rekning, Offentlig,	2009- 2010	2010- 2011	2011- 2012	2012- 2013	2013- 2014	Snitt 5 år
Meland kommune skuleeigar - Mestringsnivå 1	35,5	36,4	40,2	23,2	34,0	33,9
Hordaland fylke - Mestringsnivå 1	28,2	28,3	29,5	25,6	26,4	27,6
Nasjonalt - Mestringsnivå 1	27,4	27,4	27,8	25,4	26,5	26,9
Meland kommune skuleeigar - Mestringsnivå 2	42,1	39,1	42,7	56,8	52,0	46,5
Hordaland fylke - Mestringsnivå 2	47,3	48,0	48,0	51,3	49,3	48,8
Nasjonalt - Mestringsnivå 2	46,9	46,4	47,2	49,9	48,2	47,7
Meland kommune skuleeigar - Mestringsnivå 3	22,4	24,5	17,1	20,0	14,0	19,6
Hordaland fylke - Mestringsnivå 3	24,5	23,7	22,5	23,1	24,4	23,6
Nasjonalt - Mestringsnivå 3	25,7	26,2	25,0	24,6	25,3	25,4

Tabell 18 Nasjonale prøver 5. trinn - mestringsnivå

Tabell 18 viser resultat frå **rekning 5. trinn** i perioden 2009-2013. Dette er tal frå gamal skala, men viser likevel korleis resultata har vore i rekning 5. trinn den gitte perioden. I snitt dei siste 5 åra ligg vi under nivå for fylket og landet på alle dei tre mestringsnivåa. Skuleåret 2012-2013 var eit år der vi hadde få elevar på nivå 1 samanlikna med dei andre åra.

Tabellane under viser fordeling av elevar på ulike mestringsnivå i lesing, rekning og engelsk på 5. trinn.


5.5.1 LESING - MESTRINGSNIVÅ



Tabell 19 Nasjonale prøver lesing - 5. trinn

Tabell 19 viser resultat frå **lesing** 5. trinn fordelt på mestringsnivå. Resultata viser ein større del (+6,9%) elevar på mestringsnivå 1 haust 2015 samanlikna med haust 2014. Det er samtidig færre elevar (-8,4 %) på mestringsnivå 3 samanlikna med året før.

5.5.2 REKNING - MESTRINGSNIVÅ



Tabell 20 Nasjonale prøver rekning - 5. trinn

Tabell 20 viser resultat frå **rekning** 5. trinn fordelt på mestringnivå. Resultat viser ein større del (+20,1 %) elevar på mestringnivå 1 haust 2015 samanlikna med haust 2014. Det er samtidig færre elevar (-11,6 %) på mestringnivå 3 samanlikna med året før.

5.6 NASJONALE PRØVAR UNGDOMSTRINNET

Om resultatata

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet. Nasjonale prøvar i lesing og rekning kartleggjer i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvane i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan 1) finne informasjon 2) forstå og tolke og 3) reflektere over og vurdere teksten si form og innhald.

Elevane sine resultat på nasjonale prøvar på ungdomstrinnet vert presentert i ein skala med fem mestringnivå, der mestringnivå 1 er lågast. Dei nasjonale prøvane i rekning dekkjer tre innhaldsområde: 1) tal 2) måling og 3) statistikk. Prøvane i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar.


Nasjonale prøver	2014-2015 (8. trinn)	2015-2016 (8. trinn)	2014-2015 (9. trinn)	2015-2016 (9. trinn)
Meland kommune - Engelsk	48	50		
<i>Rosslund skule</i>	47	50		
<i>Meland ungdomsskule</i>	50	51		
<i>Danielsen skule, Frekhaug</i>	49	46		
Hordaland fylke - Engelsk	49	50		
Nasjonalt - Engelsk	50	50		
Meland kommune - Lesing	49	50	53	52
<i>Rosslund skule</i>	51	51	51	50
<i>Meland ungdomsskule</i>	48	49	54	53
<i>Danielsen skule, Frekhaug</i>	50	48	49	52
Hordaland fylke - Lesing	49	50	53	53
Nasjonalt - Lesing	50	50	54	53
Meland kommune - Regning	49	49	52	52
<i>Rosslund skule</i>	48	48	50	51
<i>Meland ungdomsskule</i>	50	50	53	52
<i>Danielsen skule, Frekhaug</i>	51	48	49	54
Hordaland fylke - Regning	49	50	53	53
Nasjonalt - Regning	50	50	53	54

Tabell 21 Nasjonale prøver ungdomstrinnet

Tabell 21 viser resultat frå nasjonale prøvar 8. og 9. trinn fordelt på faga engelsk, lesing og rekning. I **engelsk** og **lesing** ligg 8. trinn (2015-2016) på nivå med fylket og landet. I **rekning** ligg vi under nivå for fylket og landet både på 8. og 9. trinn. 8. trinn i 2014-15 har hatt ei positiv utvikling fram til 9. trinn 2015-16. Dette gjeld faga lesing og rekning


Tabellane under viser fordeling av elevar på ulike mestringnivå i lesing, rekning og engelsk på 8. og 9. trinn.

5.6.1 LESING - MESTRINGSNIVÅ



Tabell 22 Nasjonale prøver 8. trinn, lesing

Tabell 22 viser resultat frå **lesing 8. trinn** fordelt på **mestingsnivå**. Resultat viser ein auke av elevar (+3 %) på mestingsnivå 1 samanlikna året før, og vi ligg på nivå med fylket. Vi har ein auke i elevar (+5,6%) på nivå 5 samanlikna med året før, og vi ligg over nivå for fylket og landet.




Meland kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, 2014-2016

Tabell 23 Nasjonale prøver 9. trinn, lesing

Tabell 23 viser resultat frå **lesing 9. trinn** fordelt på **mestringsnivå**. Resultat viser ein nedgang i elevar (- 0.7 %) på nivå ein samanlikna med året før, men vi har fleire på nivå 1 samanlina med fylket og landet. Vi har ein nedgang i elevar (-9.5 %) på nivå 5. Samtidig har vi ein stor auke av elevar (+11 %) på nivå 4.


5.6.2 REKNING - MESTRINGSNIVÅ



Meland kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, 2014-2016

Tabell 24 Nasjonale prøver 8. trinn, rekning

Tabell 24 viser resultat frå **rekning 8. trinn** fordelt på **mestringsnivå**. Resultat viser at delen elevar på mestringsnivå 1 har auka med 4.1 %, og vi ligg under nivå for fylket og landet. Samtidig har vi ein auke av delen elevar på nivå 5 på 5,8 %, og vi ligg over nivå for fylket og landet.




Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, 2014-2016

Tabell 25 Nasjonale prøver 9. trinn, rekning

Tabell 25 viser resultat frå **rekning 9. trinn** fordelt på **mestringsnivå**. Resultatet viser ein reduksjon i delen elevar på nivå ein med 2,1 %, og vi har betre resultat enn fylket.


5.7 FORELDREUNDERSØKING

Utdrag frå foreldreundersøkinga som gjeld læringsresultat er tatt med i oversikt under.




Tabell 26 Foreldreundersøking - Rekning

I tabell 26 ser vi korleis foreldre opplever bruk av rekning på skulen. Samanlikna med nasjonalt nivå opplever foreldre i liten grad at borna bruker rekning i fleire fag enn matematikk.




Tabell 27 Foreldreundersøking - Lesing

I tabell 27 ser vi korleis foreldre opplever borna si opplæring i lesing på skulen. Samanlikna med nasjonalt nivå ligg vi litt under når det gjeld foreldre si oppleving av korleis barna tileignar seg dugleik i lesing.




Tabell 28 Foreldreundersøking - Skrijving

I tabell 28 ser vi korleis foreldre opplever borna si skriveopplæring på skulen. Foreldre opplever at borna får god støtte frå lærar når det gjeld skrijving av gode tekstar, samanlikna med nivå for landet.



Tabell 29 Foreldreundersøking - Muntlige ferdigheter

I tabell 29 ser vi at foreldre opplever at borna lærer å utrykke seg munnleg og at dei lærer å bruke argument i ein diskusjon. Her skårar Meland godt over nivå for landet.



Tabell 30 Foreldreundersøkning - Læring og utvikling

I tabell 30 ser vi korleis foreldre opplever at borna får opplæring i tråd med evner og føresetnader, her skårar Meland over nivå for landet på alle delskårar.

5.8 VURDERING

Eit felles mål for alle skulane er **«Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing, og over fylkesnivå etter 2015»**. Samla sett (alle skulane) har vi ikkje nådd målet på 5. trinn i lesing, 5. trinnet ligg på 47 og resultatet for fylkesnivået er 50. Vi har likevel ein skule som ligg på nivå med fylket (50), mens dei andre skulane ligg under nivå for fylket. På ungdomstrinnet (8. trinn) ligg kommunen (50) samla sett på nivå med fylket (50) i lesing. Rossland skule ligg over nivå for fylket på 8. trinn (51) og Meland ungdomsskule ligg under på 8. trinn (49). På 9. trinn ligg kommunen (52) samla under nivå for fylket (53) i lesing. Rossland skule ligg under nivå for fylket på 9. trinn (50) og Meland ungdomsskule ligg på sama nivå som fylket på 9. trinn (53). Vi ser ei betring i resultatet på kullet som gjekk 8. trinn i 2014-2015 og går 9. trinn i 2015-2016. Det siste kan gi oss ein indikasjon på at vi klarar å løfte elevane med dei tiltaka vi samla sett set inn.

Eit felles mål for skulane er også å **«Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og i rekning»**. Samla sett (alle skulane) har vi ikkje nådd målet på 5. trinn i lesing, del av elevar på nivå 1 har auka (+6,9). Vi har heller ikkje nådd målet på 5. trinn i rekning, del av elevar på nivå 1 har auka (+20,1).

Det er positivt at vi ser ein reduksjon i del av elevar på nivå 1 på 9. trinn både i lesing og rekning. Me har ikkje mange år å samanlikna, men håpar denne utviklinga vil fortsetje. Resultat frå ungdomstrinnet rekning 9. trinn fordelt på meistringsnivå viser ein reduksjon i del av elevar på nivå ein med 2,1 %, og vi har betre resultat enn fylket. Resultat frå lesing 9. trinn fordelt på meistringsnivå viser ein nedgang i del av elevar (-0.7) på nivå ein samanlikna med året før, men vi har enno fleire på nivå 1 enn fylket og landet.

Resultat frå lesing 8. trinn fordelt på mestringsnivå viser ein auke av del av elevar (+3) på mestringsnivå 1 samanlikna året før, og vi ligg på nivå med fylket. Resultat frå rekning 8. trinn fordelt på mestringsnivå viser at del av elevar på mestringsnivå 1 har auka med 4.1 %, og vi ligg under nivå for fylket og landet.

Resultat skriftleg eksamen sett over tid, snitt siste fire år, viser at Meland ligg på nasjonalt nivå i engelsk, og under det nasjonale snittet i faga matematikk og norsk hovudmål/sidemål skriftleg. Resultat i matematikk har utvikla seg positivt frå 2014-2015 til 2015-2016.

Resultat frå foreldreundersøkinga viser at foreldre opplever at borna får opplæring i tråd med egne evner og føresetnader. Foreldre opplever også at borna lærer å utrykke seg munnleg og at dei lærar å bruke argument i ein diskusjon. Samanlikna med nasjonalt nivå ligg vi litt under når det gjeld foreldre si oppleving av korleis barna tileignar seg dugleik i lesing. Foreldre opplever ikkje i særleg grad (samanlikna med nasjonalt nivå) at borna brukar rekning i fleire fag enn matematikk. Foreldre sine opplevingar samsvarer godt med læringsresultata. Det kan sjå ut som om «*rekning som grunnleggjande dugleik i alle fag*» ikkje heilt viser seg igjen i praksis, og at skulane samla sett har eit forbettringspotensiale. Kommunen si satsing på realfag vil vere ein viktig strategi på dette området.

Mål for læringsresultat må halde fram neste skuleår, og tiltak som er sette i gong må få tid til å virke. Kommunen har vald fleire innsatsområde (strategiar) for å nå mål om å betre læringsresultat. Noko som vil bli skissert meir i kap. 8.

6 RESSURSAR

Kapittelet omhandlar oversikt over ressursinnsatsen som nyttast til skulane sin tenesteproduksjon. Å samanlikne ressursituasjonen mellom kommunar bør gjerast med varsemd, fordi ressursituasjonen vert påverka av bakanforliggjande forhold som skulestruktur og kommunestorleik. Tema vert driftsutgifter per elev, gruppe-/klassestorleik og del av elevar med spesialundervisning.

6.1 ØKONOMI OG RESSURSTAL

Tabell 31 viser økonomi og ressurstall for grunnskoleåra 2011-2015.

Indikator og nøkkeltall	2011	2012	2013	2014	2015
Meland kommune – Driftsutgifter per elev >	91 785	96 740	96 795	96 127	101 630
Hordaland fylke – Driftsutgifter per elev >	94 323	98 465	102 618	105 806	109 806
Nasjonalt – Driftsutgifter per elev >	94 721	98 353	101 938	105 630	108 511
Meland kommune – Lønnsutgifter per elev	77 879	83 928	84 370	82 540	85 901
Hordaland fylke – Lønnsutgifter per elev	75 592	79 052	81 619	84 790	87 668
Nasjonalt – Lønnsutgifter per elev	74 146	77 913	80 660	83 981	85 806
Meland kommune – Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	83,3	85,1	84,4	80,3	80,8
Hordaland fylke – Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	80,9	80,9	80,5	81,2	81,4
Nasjonalt – Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	78,9	80,0	80,3	81,1	81,2
Meland kommune – Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	465	273	74	194	463
Hordaland fylke – Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	752	702	792	961	869
Nasjonalt – Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	859	845	893	932	974
Meland kommune – Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 482	1 297	1 363	1 515	1 646
Hordaland fylke – Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 469	1 417	1 374	1 450	1 453
Nasjonalt – Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 450	1 387	1 358	1 396	1 429

Meland kommune, Grunnskole, Økonomi, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Tabell 31 Driftsutgifter

Når det gjeld driftsutgifter per elev, har Meland kommune lagt stabilt dei siste åra fram til 2014, med eit snitt på 96.554,- noko som er under nivå for fylket og landet. I 2015 har me auka til 101 630,-, men ligg enno under nivå for fylket og landet. Sjølv om elevtalet har stige jamnt dei siste åra ,har ikkje driftsutgift per elev auka tilsvarende.

6.2 UNDERVISNINGSPERSONELL

Å samanlikne ressurs situasjonen for skular, kommunar og fylke bør gjerast med varsemd, fordi ressurs situasjonen vert påverka av ulike forhold som skulestruktur og kommunestorleik.


Undervisningspersonell, Offentlig, Alle trinn, (Kjelde: Udir)	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016
Meland kommune - Antall elever per årsverk til undervisning	11,6	11,6	11,9	12,1	11,8
Hordaland fylke - Antall elever per årsverk til undervisning	12,4	12,5	12,5	12,6	12,5
Nasjonalt - Antall elever per årsverk til undervisning	12,3	12,3	12,3	12,3	12,3
Meland kommune - Antall elever per assistentårsverk i undv.	56,9	52,8	69,8	61,3	51,7
Hordaland fylke - Antall elever per assistentårsverk i undv.	71,0	77,2	77,3	80,7	78,8
Nasjonalt - Antall elever per assistentårsverk i undv.	72,6	75,9	75,2	76,4	75,1
Meland kommune - Lærartetthet 1.-7. trinn	12,4	12,2	12,8	13,2	12,5
Vestbygd skule	11,6	12,5	13,6	13,2	12,7
Sagstad skule	13,2	12,9	14,2	14,7	13,6
Grasdalen skule	11,0	10,2	10,0	11,2	11,5
Rossland skule	13,0	11,9	11,3	11,7	10,3
Hordaland fylke - Lærartetthet 1.-7. trinn	13,4	13,4	13,4	13,5	13,4
Nasjonalt - Lærartetthet 1.-7. trinn	13,0	13,1	13,3	13,4	13,4
Meland kommune - Lærartetthet 8.-10. trinn	13,5	13,6	13,6	13,1	13,4
Meland ungdomsskule	13,2	13,2	12,9	12,8	13,4
Rossland skule	13,7	14,3	14,6	13,4	13,5
Hordaland fylke - Lærartetthet 8.-10. trinn	14,6	14,7	14,7	14,7	14,9
Nasjonalt - Lærartetthet 8.-10. trinn	14,5	14,6	14,3	14,3	14,2
Meland kommune - Lærartetthet i ordinær undervisning	15,3	15,3	15,7	15,8	15,7
Hordaland fylke - Lærartetthet i ordinær undervisning	17,0	17,1	17,1	17,1	17,0
Nasjonalt - Lærartetthet i ordinær undervisning	17,0	17,0	17,0	17,0	16,9
Meland kommune: Andel årstimer til undv. gitt av undervisningspersonale med godkjent utd.	99,3	100,0	100,0	100,0	99,9
Hordaland fylke: Andel årstimer til undv. gitt av undervisningspersonale med godkjent utd.	98,4	98,8	99,1	98,9	98,8
Nasjonalt: Andel årstimer til undv. gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,6	96,6	97,0	97,0	96,4
Meland kommune - Undervisningstimer totalt per elev	61	62	60	59	61
Hordaland fylke - Undervisningstimer totalt per elev	57	57	57	57	57
Nasjonalt - Undervisningstimer totalt per elev	58	58	58	58	58

Tabell 32 Undervisningspersonell

Tabell 32 viser årsverk for undervisningspersonale og assistentar, tal på elevar per assistent- og lærarårsverk, lærartettleik og undervisningstimar. Samla sett brukar skulane i Meland (11,8) mindre ressursar per elev samanlikna med fylket (12,5) og landet (12,3). Når det gjeld lærartettleik for 1.-7. trinn, har Sagstad skule ein lærartettleik på 13,6 og Rossland skule 10,3. Rossland skule ligg høgare enn dei andre skulane på vaksentettleik.

6.3 SPESIALUNDERVISNING

Tabellane under viser del av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning i kommunen og for landet, fordelt på hovudtrinn. I tillegg viser tabell lærartimar til spesialundervisning av totalt undervisningstimar.



I tabell til venstre (33) ser ein del av elevar som får spesialundervisning.

Del av elevar som får spesialundervisning har auka med 1,1 % frå 2014-2015 til 2015-2016.

I Meland kommune er det 4,9% fleire elevar som får spesialundervisning samanlikna med landet elles.


Tabell 33 Andel med spesialundervisning (GSI, 2015-2016)

Spes.underv. - andel pr. hovedtrinn (GSI, 2015)

Navn	År	Andel elevar med enkeltvedtak, 1-4. trinn	Andel elevar med enkeltvedtak, 5-7. trinn	Andel elevar med enkeltvedtak, 1-7. trinn	Andel elevar med enkeltvedtak, 8-10. trinn
Meland	2015-16	7,99	17,65	11,60	13,10
	2014-15	8,25	16,89	11,52	9,02
	2013-14	7,35	15,09	10,35	9,32
	2012-13	7,24	15,53	10,72	8,75
	2011-12	7,67	10,31	8,84	9,32
Hele landet	2015-16	5,16	9,26	6,88	10,31
	2014-15	5,08	9,46	6,93	10,54
	2013-14	5,32	9,72	7,18	10,77
	2012-13	5,57	9,85	7,40	11,20
	2011-12	5,58	9,82	7,43	11,26

Tabell 34 Spes.underv. - andel pr. hovudtrinn (GSI, 2015)

I Meland er det fleire elevar på 6.-7 trinn som får spesialundervisning, mens i landet elles er det ungdomssteget som har flest elevar med vedtak. Del av elevar som får vedtak på ungdomssteget i Meland har auka med 4,08% frå førre skuleår.



Tabell 35 Lærartimar til spesialundervisning (GSI, 2015-2016)

Tabell 35 viser lærartimar til spesialundervisning av total undervisning, som er lik med landet. Det vil sei at Meland kommune brukar ikkje fleire timar til spesialundervisning, men det er fleire elevar som får timar.

6.4 VURDERING

Alle skulane har over tid hatt fokus på mest mogleg effektiv drift av skulane. Det kan vere ein av fleire forklaringar på reduksjonen vi ser i lærartettleiken. Samstundes vil auke i elevtal gi moglegheit for å ha større grupper per lærar. Rosslund skule ligg høgare enn dei andre skulane på vaksenttleik. Dette kan ha si forklaring i at det synkande elevtalet ikkje har gjort at dei har kunna redusere klassetalet, slik at det er i snitt færre elevar per klasse enn det var tidlegare. Andre årsaker til at Meland bruker meir ressursar per elev kan vere språkdeling (som gir mindre fleksibilitet) og del av elevar med spesialundervisning.

Ein av fleire drivarar bak ein slik auke på spesialundervisning, er dei økonomiske. For å snu denne utviklinga er skulane avhengig av dei ikkje tapar økonomisk dersom dei klarar å redusere talet på

elevar med spesialundervisning. Det er viktig å få fram at tilpassa opplæring skal vere ein del av den ordinære undervisninga.

På oppdrag frå rådmannen har tenesteområdeleiarane og rådgjevar for skule utarbeidd ein felles ressursfordelingsmodell for skulane. Modellen er tenkt å sikre skulane den basis dei treng for å gje tilpassa opplæring. Det er vidare laga eit prosjektmandat der målet med prosjektet er å styrke ordinær opplæring og redusere delen elevar som får vedtak om spesialundervisning.

7 FRÅFALL OG GJENNOMFØRING

Statistikk om fråfall i vidaregåande skule i tabell 36 er henta frå Folkehelseinstituttet sin statistikkbank. Statistikk om fråfall gjeld vidaregåande skule totalt og etter foreldra sine høgaste fullførte utdanningsnivå. Fråfallet inkluderer personar som starta på grunnkurs i vidaregåande opplæring for første gong eit gitt år og som har gjennomført VKII eller gått opp til fagprøve, men som ikkje har bestått eitt eller fleire fag og difor ikkje har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse etter 5 år, samt elevar som starta opp dette året, men som slutta undervegs. Delen vert berekna ut frå prosent av alle som starta grunnkurs i vidaregåande opplæring det året. Personar som etter 5 år framleis er i vidaregåande skule, vert ikkje rekna som fråfallen. Det er tatt utgangspunkt i personen sin bustadskommune det året han eller ho starta på grunnkurs i vidaregåande opplæring. Statistikken viser 3 års glidande gjennomsnitt.

År			2008-2010	2009-2011	2010-2012	2011-2013	2012-2014	Snitt
Måltall	Geografi	Foreldrenes utdanningsnivå						
Andel (prosent), standardisert	Hele landet	Alle utdanningsnivå	26	25	25	24	24	24,8
	Hordaland	Alle utdanningsnivå	23	23	23	22	22	22,6
	Meland	Alle utdanningsnivå	22	24	25	28	26	25
	Radøy	Alle utdanningsnivå	24	23	24	22	23	23,2
	Lindås	Alle utdanningsnivå	24	24	23	19	19	21,8

Tabell 36 Fråfall i vidaregåande skole

Elevar som har Meland kommune som bustadskommune, har høg fråfallsprosent samanlikna med landet, fylket og nabokommunane Lindås og Radøy . Det positive er at talet har gått ned frå perioden 2011-2013 til 2012-2014.

8 KOMMUNEN SIN INTERNKONTROLL – OG TILSYN

Kommuneadministrasjonen har gjennomført internkontroll våren 2016 på temaet «*Elevane sitt psykososiale miljø*». Alle rektorane har gjennomført eigenvurdering med bruk av [RefLex](#). RefLex er eit nettbasert verktøy som skal gi barnehagemyndigheita, offentlege skular og skuleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med barnehagelova/opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Deltema for kontroll har vore:

- Elevane sitt psykososiale miljø: «Førebyggjande og individuelt retta arbeid»
- Elevane sitt psykososiale miljø: «Medverknad, informasjon og forvaltning»

Generelt finn ein at skulane arbeider systematisk og i samsvar med regelverket. Det er likevel nokre område der skulane kan betre sin praksis. Det gjeld særskilt:

- Evaluering av skulen sitt samla arbeid (inkludert medverknad, informasjon og forvaltning) retta mot det psykososiale miljøet
- Sikre at elevrådet så tidleg som mogleg er med i planlegginga og gjennomføringa av tiltak for eit godt psykososialt miljø
- Sikre at dei tilsette informerer foreldre og elevar om at dei kan be om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet


Kommunen hadde tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland våren 2016 på «Elevane sitt psykososiale miljø». Korreksjonspunkt etter førebels rapport var:

1. Kommunen må sikre at Rosslund skule:
 - a. Gjennomfører evaluering av skulen sitt samla arbeid (som inkluderer medverknad, informasjon og forvaltning) retta mot det psykososiale miljøet
 - b. Snarast mogeleg behandlar oppmodingar om tiltak frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglene om enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. §§ 9a-1, 9a-3 første og tredje ledd og 9a-4.
 - c. Involverer aktuelle råd og utval i arbeidet med det psykososiale miljøet, jf. Opplæringslova §§ 9a-5 og 9a-6.
2. Meland kommune må ha eit system som er eigna til å vurdere om krava i kap. 9a i opplæringslova vert følgt på skulane. Systemet må og synleggjere korleis resultat av vurderingane skal følgjast opp.

Kommunen har sendt inn dokumentasjon på korrigerande tiltak , og viser til [Internkontroll](#) for grunnskulen i Meland. Tilsynet er formelt avslutta og kommunen har ikkje lenger lovbrøt.

9 INNSATSOMRÅDE - KORRIGERANDE TILTAK

Vurderingane frå resultat knytt til læringsmiljø og læringsresultat krev at skulane set inn korrigerande tiltak på utvalde område. I punkta under vert det skissert innsatsområde som er felles for alle skulane og som alle skulane forpliktar seg til.



9.1.1 ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE MILJØ

I NOU 2015:2 «Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø» foreslår utvalet at skulane sine planar for arbeid med det psykososiale skolemiljøet skal leggjast fram for kommunestyret. Med bakgrunn i dette vil skulane sine Zero- planar bli lagt som vedlegg i saksutgreinga når tilstandsrapporten vert lagt fram for drøfting hausten 2016.

Skulane skal årleg evaluere handlingsplanane mot mobbing. I åra framover vil kommuneadministrasjonen gjennomføre internkontroll på temaet «Elevane sitt psykososiale miljø». Alle rektorane skal gjennomføre eigenvurdering med bruk av [RefLex](#). RefLex er som nemnt eit nettbasert verktøy som skal gi barnehagemyndigheita, offentlege skolar og skuleeigarar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med barnehagelova/opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Korrigerande tiltak vert sett inn ved behov.

9.1.2 SATSING PÅ REALFAG

Hausten 2015 vedtok kommunestyret at kommunen skulle utarbeide ein realfagsstrategi. Kommuneadministrasjonen har nedsett ei arbeidsgruppe som har starta opp arbeidet. Som ein del av dette arbeidet har kommunen søkt og blitt valt ut som realfagskommune for perioden 2016-2017. Å vere realfagskommune inneber 1) Utarbeiding av realfagsstrategi og 2) Etablering av realfagsnettverk. Udir vil støtte kommunen i sitt arbeid med realfagsstrategi, og endelig strategi vil vere klar for politisk handsaming hausten 2016 eller tidleg 2017. Udir har tildelt kommunen 321.000,- som kommunen kan bruke til å drifte realfagsnettverk. Høgskulen i Bergen er valt ut til å vere fagleg rettleiar i realfagsnettverka. Første nettverk er planlagt gjennomført 30.09.2016. Private barnehagar og skular i kommunen er også invitert med i arbeidet.

9.1.3 SATSING PÅ LESING

Kommunen har i dette skuleåret arbeidd grundig med utarbeiding av felles leseplan for skulane. Arbeidet er planlagt ferdig hausten 2016. Mål med felles leseplan er å sikre at skulane er meir samkjørte og at nyare forskning av kva som verkar vert lagt inn i ei felles plan. Som ein del av det å implementere felles leseplan ,vil Leselos vere eit sentralt verkemiddel. Leselos er et observasjonsverktøy som er berekna på å støtte elevane si leseutvikling.

Tre av skulane vil frå hausten 2016 bruke opplæringspakker frå «Språkløyper». Språkløyper er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skrivning 2016-2019. Nettstaden www.sprakloyper.no har gratis kompetanseutviklingspakker som barnehagar og skular lett kan ta i bruk i lokalt utviklingsarbeid. Alle skulane i Meland vil i perioden 2016-2019 ta i bruk Språkløyper.

Ungdomssteg i utvikling (UiU) grunnar i Stortingsmelding 22 «Motivasjon Mestring Muligheter». Satsinga strekkjer seg frå år 2013 til år 2017. Tre nasjonale støttetiltak er sett i gong for å støtte opp om målet 1) Skulebasert kompetanseutvikling 2) Pedagogiske nettressursar og 3) Lærande nettverk-

Med St.meld. 22 kom det eit ynskje om å utvikle profesjonelle, lærande nettverk for å stimulera utvikling og for å spreia kunnskap mellom lærarar (Meld. St. 22, 2011). Nordhordland kursregion (NKR) arrangerer lærande nettverk for alle ungdomsskulane i regionen 2- 3 gonger å året.

Utviklingsrettleiar som er tilsett i Bergen kommune med økonomisk støtte frå Udir, deltar på alle nettverka. Skulane sine tilbakemeldingar er at deltaking i desse nettverka er særst nyttig og inspirerende for eige utviklingsarbeid.

9.1.4 SATSING PÅ TIDLEG INNSATS OG TILPASSA OPPLÆRING

Rådmannen har tatt initiativ til eit prosjekt som skal styrke arbeid med tilpassa opplæring, og redusere delen av elevar som får vedtak om spesialundervisning. Målet er å tidleg fange opp elevar som treng ekstra støtte i si læring, og kunne setje inn rett tiltak til rett tid. Skulane vil bruke øyremerka midlar frå staten til å styrke lærarressursane på 1.-4. trinn. Lærarane sin kompetanse skal styrkast, dei skal prøve ut ny praksis, og skulane skal sjå på alternative måtar å organisere spesialundervisninga på.

10 SYSTEM FOR OPPFØLGING

Kommunen har i skuleåret 2015-2016 utarbeidd eit system for [Internkontroll](#) for grunnskulen i Meland. Systemet skal sikre at skulane og kommuneadministrasjonen jamleg kontrollerer at praksis er i samsvar med lovkrav i opplæringslova. Det skal gjennomførast risikovurderingar og vurderingar skal følgjast opp med korrigerande tiltak. Korrigerande tiltak kan til dømes være kompetanseheving, planarbeid, prosjektarbeid og endring av rutinar og praksis.

Skuleeigar har ansvar for å ha rett og nødvendig kompetanse i skulen. Skuleeigar skal også ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skulen og samfunnet (Opplæringslova § 10-8).

Kompetanseutviklingstiltak i Meland skal auke det samla kompetansenivået til lærarar og skuleleiarar i kommunen, både i form av vidareutdanning, etterutdanning og faglege nettverk. Prioritering av kompetansetiltak skal vere i tråd med nye kompetansekrav (nasjonalt), lokale satsingsområde og skulane sine behov. Skuleåret 2015-16 har kommunen hatt 12 lærarar som har tatt vidareutdanning. Dei fleste tek realfag, men vi har også lærarar som tek spansk og spesialundervisning. Kompetanseplan for grunnskulen i Meland er klar for revidering. Kompetanseplanen for skule vil bli ein del av kommunen sin overordna plan som også skal reviderast 2016.

Det er utarbeidd eit felles strategidokument for alle tenestekområda. Eit slikt dokument gjer planlegging av nye tiltak, prosjekt og midlar lettare. Det vil også vere eit dokument som gir informasjon til skuleeigar, føresette og tilsette om kva for nokre satsingsområde som vil vere gjeldande.

Rektormøtet har eit eige årshjul der faste tema vert drøfta og følgt opp. Døme på slike tema er eleven sitt læringsmiljø, førebuing til nasjonale prøvar, gjennomgang av resultat nasjonale prøvar, dei ulike satsingsområda, elevane sitt læringsutbytte, lokalt læreplanarbeid m.m. Rektorane har

jamleg oppfølging i personalet når det gjeld resultat etter nasjonale prøvar og brukarundersøkingar, og gjer eit systematisk og grundig arbeid på dette området.

Rådmannen har jamlege leiarsamtalar der resultat vert tema. Skulefagleg rådgjevar vil kvar vår ha møte med kvar rektor der resultat frå elevundersøkinga ved den einskilde skule vert tema. Korrigierende tiltak som vert sett inn, vert følgt opp av rådmannen og skulefagleg rådgjevar i samtalar året etter.

Kommunen har i liten grad etablert arenaer for fagleg rettleiing, støtte og oppfølging ute på skulane. Ein har i løpet av skuleåret 2015-16 prøvd å få til eit samarbeid med Radøy og Austrheim kommune, men har ikkje lukkast med det. Ei meir systematisk oppfølging frå skuleeigar vil bli aktuelt når ein no skal byggje ein ny kommune med Radøy og Lindås kommune.

Skulefagleg rådgjevar saman med utvald fagperson frå skulesektoren internt i kommunen vil planlegge å ha jamlege skulebesøk med plangruppa på kvar skule. Tema for desse samtalan vil vere todelt. Eitt tema vil vere basert på kommuneadministrasjonen sine risikovurderingar og det andre etter ønskje frå rektor.

11 KONKLUSJON

I konklusjonen vil kommuneadministrasjonen sine vurderingar av positive utviklingstrekk og risikoområde summerast opp. Hovudområda er delt i læringsresultat og læringsmiljø.

11.1 POSITIVE UTVIKLINGSTREKK

Læringsresultat

Grunnskulepoeng: Meland har jamt over dei siste åra lagt over nivå for fylket og nasjonalt nivå. Begge ungdomsskulane hadde resultat over snittet for Hordaland og nasjonalt nivå skuleåret 2015-16. Meland ungdomsskule med 43,4 og Rosslund skule med 42.

Nasjonale prøvar: Kullet som gjekk på 8.trinn skuleåret 2014-15 har hatt ei positiv utvikling fram til 9. trinn 2015-16. Dette gjeld faga lesing og rekning. Del av elevar på meistringsnivå 1 i rekning på 9. trinn er redusert (-2,1) og resultatet er betre enn nivå for fylket. I tillegg har vi ein auke i del av elevar på nivå 5 (8. trinn) i lesing (+ 5,6) og i rekning (+5,8) samanlikna med året før, og vi ligg over nivå for fylket og landet.

Eksamen: Resultat i matematikk skriftleg har utviklika seg positivt frå 2014-2015 (2,6) til 2015-2016 (2,8), men resultat over tid er svakt.

Læringsmiljø

Elevar på 7. trinn som rapporterer om dei har opplevd *mobbing* 2-3 gonger i månaden eller oftare har gått gradvis ned dei siste tre åra, og resultatet ligg under nivå for fylket og landet. Samanlikna

med tidlegare år har utviklinga vore positiv på alle delskårane på elevundersøkinga i 7. trinn for Meland kommune.

Elevar på 10. trinn som rapporterer om dei har opplevd *mobbing* 2-3 gonger i månaden eller oftare, har gått ned frå skuleåret 2014-2015.

11.2 RISIKOMRÅDE

Læringsresultat

Nasjonale prøvar: Vi har ikkje nådd resultatmålet for barnetrinnet 5. trinn i lesing. Samla sett ligg barnetrinnet på 47 og resultatet for fylkesnivået er 50. Del av elevar på meistringsnivå 1 i rekning på 5. trinn har auka (+20,1) og del av elevar på meistringsnivå 1 i rekning på 8. trinn har auka (+7,2).

Eksamen: Utviklinga over tid, snitt siste fire år, viser at Meland ligg under det nasjonale snittet i faga matematikk og norsk hovudmål/sidemål skriftleg, sjølv om resultat i matematikk har utvikla seg positivt frå 2014-2015 til 2015-2016.

Læringsmiljø

Resultat frå elevundersøkinga 10. trinn viser ei negativ utvikling frå førre skuleår på fleire delskårar, utanom «Læringskultur» og mobbing. Elevar på 10. trinn som rapporterer om dei har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare har gått ned frå skuleåret 2014-2015, men ligg likevel høgt samanlikna med nivå for fylket og landet.

Spesialundervisning Del av elevar som får spesialundervisning aukar framleis.